

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7-tillegg.

Fylke: Møre og Romsdal

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Fræna.

Emne: Skav.

Bygdelag:

Oppskr. av: Hans Haukås

Gard:

(adresse):

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Røynsle og forteljing.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Sp.1. Det var vanleg tru og røynsle, at eit dyr som hadde fått skav om vinteren, gjorde seg meir nytta av sumarbeidet og vart feitare og tyngre, enn dei som ikkje ha fått

Skav. Skilnaden i pris var ikkje stor-ei 10-15 kr.

Sp.2. Fekk eit dyr mykje skav vart kjøtet mørkare-men

svart vart det no ikkje, soframt dyret var friskt.

Det var serleg Older -og bjerkeskav som skulle gjera kjøtet mørkt.

Sp.3. Mjølke av dyr som fekk mykje skav, vart ikkje nytta til smågriser, men kalvane skulde greia seg med henne.

Sp.4. Dei som nytta skav eit par vårmånader, rekna eit

hestelass skavved på kua-eller 4 sauer-gjeita kunne nytta meir. Etter reknemåten her, kan det høva med det som er opplyst frå Vest-Agder.

Sp.5. Dei skavjarna de nemner her er ikkje kjende på våre kantar. (sjå ritet) Elles var det jamnast bruka Bandkniv. som eg går ut frå er kjend.

På ein bandkniv er bladet rett-men på ein skavkniv var det bøygd-sjå ritet-Ein skav-kniv-eller skav-jarn-som det ofte var kalla-kunne nyttast til utholing.

Tillegg.7.

2

Sp.6. Slik reidskap er ikkje kjend her.

Sp.7. Det vanleg var-at dei som leigde eller kjøpte

Skav-skog betala med arbeid på garden. Og det var berre

skav-tre dei då tok i skogen-eller kjerr til beit.

Sp.8. At det var tekje omsyn til Skavskog ved skogdeling er ikkje kjend.

Sp.9. I sameige kunne dei som høyrde sameige til ta skav-skog.

Sp.10. Husmennerne kunne ikkje ta skav-skog utan serleg løyve.

Sp.11. Nokor steinhelle til skavet er ikkje kjend. Men dei la noko av det ferdige skavet på ei hylle i fjøset, so det skulle mjukna i eimen og varmen der. Denne hylla var kalla skavhylla.

Sp.12. Det var vanleg å skrema med fjøsnissen, om ein ikkje stelte vel med dyra-Soleis ogso om ein slurva med skavet- Og det var vel ogso dei som trudde på dette.